

Susanne Sørli Slettebakken sette fram slik forslag:

«Vestland ungdomsutval stiller seg positiv til at elev- og lærlingombudet reiser rundt på skulane og gjer seg synlegare for elevane og lærlingane i fylkeskommunen. Det er og viktig for Vestland ungdomsutval å oppretthalde eit godt samarbeid med elev- og lærlingombudet ut mot kommunane. Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde i april 2018 vedtak om at alle vidaregåande skular skulle opprette ein «mobbeknapp/meldeknapp» på sine heimesider. «Meldeknappen» fungerte som eit «lågterskeltilbod» for å melde frå til skulen om mobbing. På denne måten vart det enklare å melde frå, og rektor kunne raskt ta tak i sakene som omhandla elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Ombudet meiner at omgrepet «mobbeknapp» kan nyanseras, og foreslår å kalle det «Melde frå knapp» eller «Sei ifrå-knapp». Dette fordi det bør vere mogleg å melde frå om til dømes utestenging, einsemd, diskriminering eller fysiske tilhøve som ikkje er forsvarlege. Vestland ungdomsutval ber om at Vestland fylkeskommune etablerer ein slik «Sei ifrå-knapp». Vestland ungdomsutval støtter forslaget som blir lagt fram i årsmeldinga om at eit digitalt lærlingbevis blir oppretta i Vestland fylkeskommune. Andre fylkeskommunar har slike digitale lærlingbevis til lærlingane. Dette kan gi «lærlingrabattar», til dømes på kollektivtransport og aktivitetar elles. Sogn og Fjordane hadde årlege lærlingsamlingar der alle førsteårslærlingar vart inviterte for informasjon om rettar og plikter. Vestland ungdomsutval ber om at fylkeskommunen vidarefører ordninga med lærlingsamlingar - også på digitale plattformer. Som årsmeldinga til elev- og lærlingombudet seier, så meiner Vestland ungdomsutval at «Støttetelefonen for elevar og lærlingar» var eit godt tiltak. Utvalet ber om at denne ordninga blir vidareført.»

Avrøysting

Sørli Slettebakken sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland ungdomsutval stiller seg positiv til at elev- og lærlingombudet reiser rundt på skulane og gjer seg synlegare for elevane og lærlingane i fylkeskommunen. Det er og viktig for Vestland ungdomsutval å oppretthalde eit godt samarbeid med elev- og lærlingombudet ut mot kommunane. Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde i april 2018 vedtak om at alle vidaregåande skular skulle opprette ein «mobbeknapp/meldeknapp» på sine heimesider. «Meldeknappen» fungerte som eit «lågterskeltilbod» for å melde frå til skulen om mobbing. På denne måten vart det enklare å melde frå, og rektor kunne raskt ta tak i sakene som omhandla elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Ombudet meiner at omgrepet «mobbeknapp» kan nyanseras, og foreslår å kalle det «Melde frå knapp» eller «Sei ifrå-knapp». Dette fordi det bør vere mogleg å melde frå om til dømes utestenging, einsemd, diskriminering eller fysiske tilhøve som ikkje er forsvarlege. Vestland ungdomsutval ber om at Vestland fylkeskommune etablerer ein slik «Sei ifrå-knapp». Vestland ungdomsutval støtter forslaget som blir lagt fram i årsmeldinga om at eit digitalt lærlingbevis blir oppretta i Vestland fylkeskommune. Andre fylkeskommunar har slike digitale lærlingbevis til lærlingane. Dette kan gi «lærlingrabattar», til dømes på kollektivtransport og aktivitetar elles. Sogn og Fjordane hadde årlege lærlingsamlingar der alle førsteårslærlingar vart inviterte for informasjon om rettar og plikter. Vestland ungdomsutval ber om at fylkeskommunen vidarefører ordninga med lærlingsamlingar - også på digitale plattformer. Som årsmeldinga til elev- og lærlingombudet seier, så meiner Vestland ungdomsutval at «Støttetelefonen for elevar og lærlingar» var eit godt tiltak. Utvalet ber om at denne ordninga blir vidareført.